

Varhaugbuen



BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 2 2009

**Velkommen
til Varhaug-
marken
5. og 6. juni**

**Varhaug-
suvénir**

**Utflytta
Varhaug-
jeu**



ELGANE MOTORSTADION
EIT ANLEGG I SUPERKLASSEN

Suvenir frå Varhaug

Karen Torunn Hårr, eller Glassstudio Jæren, har laga ein Varhaug-suvenir etter oppmoding frå Varhaug bedriftsforening.

Då ho fekk oppmodinga, tenkte ho med ein gong på kva som er typisk Varhaug og Jæren; jau høg himmel, grønne marker og skeive tre. Steinbukken er og eit gammalt jærske symbol, og mange har ein slik til pynt i gardsromet. Første gongen ha laga glasting med steinbukke, ligg vel 10 år tilbake i tid. Nå arbeidde ho vidare med denne modellen i tillegg til dei andre elementa; himmel, gras og tre. Be-

driftsforeninga tykte dette var bra, og fatet vert laga i to størrelsar i tillegg til telys-fat med eit diskret "Varhaug" på.

Dette har vorte ei populær gåve til utflytte Varhaugbuar, og til og med til Amerika har steinbukke-fatet funne vegen.

Karen Torunn Hårr er fødd i 1960, og har sidan 1997 utvikla ulike gjenstander i glas i eigen verkstad på Lerbrekk, der ho bur saman med familien sin. Ho har inga formell utdanning som glas kunstnar, men har opp gjennom åre tileigna seg kunnskap gjennom

kurs både her i landet og ikkje minst utanlands. Dette gjeld særleg kurs i glasfusingsteknikkar og design. Fusing er ei gamal kunst-art, som er teke opp i nyare tid. Til fusing nyttar ho spesialglas, og arbeidet med eit fat er ganske både tid- og kraftkrevjande. Det går 3 døgn berre med brenninga.

I tillegg til arbeidet med glas, har ho og heim, går Karen Torunn i full jobb utanom. Det vert kveldar, og ikkje minst helgene som vert nytta i verkstaden. "Det gjeld å planlegga godt, så går det som regel i hop", seier Karen Torunn. Ho legg ikkje



NORGESHUS
Varhaug
BYGGMESTER
Jon Harald
Håland a.s
Opstadveien 653, 4360 Varhaug
Tlf.: 51 43 07 70 - Mobil 911 811 67

HRD

HÅ REGNSKAP OG DATA
Daglig leder: Rune Odland
Autorisert regnskapsfører
Rådhusgata 2, Boks 104, 4368 Varhaug
Tlf. 91511088 E-mail: runeo@hrd.no

Jæren Flis & Skifer as

ERIK JESSEN
Roslandsveien 311, 4343 Orre
Tlf. 51 43 55 78 • Fax. 51 43 71 23
Mobil 905 11 987 • E-post: ej@hesbynett.no

VÅTROMS
GODKJENT

FLISER • SKIFER • MUR • PUSS

skjul på at det til tider kan vera ganske travelt. Men ho trur det hadde vore ein ganske einsam arbeidsplass med berre glasarbeidet. I jobben ute arbeidar ho med noko heilt anna, som mange gonger gir henne både overskot og impulsar til kvelds- og helgearbeidet. Då eg var innom tidleg i vår, heldt ho på å pakka ned glasting ho skulle ha med på årsmøtet til Rogaland Husflidslag, som er ein paraplyorganisasjon for Husflidshåndverkerne i Rogaland, der Karen Torunn er medlem. Ho er og medlem i Bedriftsforeninga på Varhaug.

På slutten av 90-talet gjekk Karen Torunn på Etablerskulen for kvinner i Rogaland, og i 2001 var ho og med i Kvinner viser vei.

Karen Torunn har vore på fleire utstillingar både i nærmiljøet, og elles m.a i Florø.

Du finn og nokre av tinga hennes i Det Kreative Hjørnet på Sandnes, og i Idèstova på Bryne, der ho og er medeigar. Men du finn og Varhaugsuveniren både hos Spar og Coop på Varhaug.

Ho har opningstid heime måndag og onsdag kl. 18.30-21.00 og laurdag kl. 11-14.00. Du kan og treffa henne i telefonen etter kl. 18.00 (51 43 02 41).

Varhaugbuen takker for drøs og omvisning, og ynskjer henne lukke til vidare både med Varhaugsuveniren og alt det andre ho balar med.

Under Varhaugmarken vil de finna Karen Torunn i gamle Bohusbutikken med ein del av alle dei fine glastinga sine.

Liv

Bondeteltet

Dette året vert det ikkje kinning av smør og flatbrødssteiking i bondeteltet. Det er ikkje så mange som ser syn på å laga til deigen, og når ir faste meistar på området, ikkje kunne vera med oss, måtte me berre melda pass. Men bygdekvinnelaget er på plass med kaffi og lapper i staden.

Strikkekaféen

tek nå ferie. Men den startar opp att til hausten, Sjø etter oppslag på Mega, eller neste nummer av Varhaugbuen. Varhaug bygdekvinnelag sin basar.

Denne vert som vanleg siste torsdagen i august. Me håpar at loddseljarane vert tekne like godt imot dette året, som andre år. Me kjem og til å sitja ei helg på Mega. Liv kjem nok og ein runde på tigging av gevinstar. Det er det ingen andre som vil.

Aud

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygdekvinne-ungdomslag, Varhaug bygdekvinnelag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhaldslag og Vennelaget for Lerbrekk Skule.

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga

Nestleiar

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Sekretær

Kristin Søyland, bygdekvinnelaget

Kasserar

Jone Bryne, Svala 4H

Styremedlem

Sigbjørn Varhaug, Vennelaget

Lerbrekk skule

Varamedlem

Steinar Malmin, skulekorpset

Varamedlem

Sverre Aanestad, fråhaldslaget

Redaktør

Liv Hobberstad

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennemerke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

*"Det ligg ein kyrkjegard ved hav
i still og einsam ro.*

*og graset legg om namnlaus grav
ein gløymseleknad god.*

*Men ein og annan merkestein
held fast eit minne enn
der han står vakt om deira bein
som levde i vår grend "*

Utflytta Varhaugjente, som saknar morrpølsa og sernelaten te' Skrettingen.

Anne Varhaug Nordkil er fødd i 1969. Etter vidaregåande, byrja ho på trygdekontoret i Hå. Men Anne ynskte seg meir skule, og fekk studiepermisjon 1 år for å ta vidare utdanning på Høgskulen i Bodø.

Medan ho var i Bodø, vart ho råka av amors pilar, og det som skulle verta eit år er nå vorte til 9. Ho gifta seg med Geir, og saman har dei 2 jenter på 4 og 6 år. Anne er nå tilsett i NAV kundesenter i Nordland. Ho trivs veldig godt i jobben, og kjenner seg ikkje igjen i alt det negative som er kome fram i media om NAV den siste tida.

Anne har frå ho var lita vore opp- teken av søndagsskulearbeid, og er det framleis. I dag er ho kretsleiar i Salten krets for andre året, og har tidlegare med seg 3 år i styret. I sommar skal Norsk Søndagssku- leforbund ha generalforsamling i Bodø, nærare bestemt i Saltstraumen. Då er det Salten krets som er vertskap for denne samlinga, der 150-200 personar skal forpleiast. Og som leiar i Kretsen, har Anne ansvaret for komitèen som skal

arrangera denne samlinga. "Dette skal nok gå godt, seier Anne. Me har hatt 2 år med planlegging, så berre været vert fint, så går nok alt godt."

Både Anne og mannen er enga- sjerte i Frikyrkja i Bodø. Dei er 60-70 aktive, og mange flyktningar finn seg heime der.

Eg lurde på koss Anne hadde ta- kla mørketida då ho kom til Bodø. Ho kunne ikkje huska at ho hadde merka noko til mørketidsdepresjo- nen, som mange slit med. Hu hus- kar berre at det hadde vore ei gild tid.

Anne trivs veldig godt i Bodø, men prøvar i alle fall å koma til Varhaug ein gong for året. Men i mai/juni vil ho helst vera heime, for då er det så fint der nord.

Anne sender masse helsingar til alle kjende på Varhaug. Ho seier at det å veksa opp i ein god heim og i ei god bygd er god ballast å ha med seg i livet.

Varhaugbuen seier takk for drøset, og ynsker Anne og familien lukke- til med arbeid og fritid i Bodø, og ikkje minst med generalsamlinga i sommar. Kanskje får Varhaugbuen eit lite referat seinare???

Liv



Anne og Ruth Eli



Morfar og Astrid Sofie



BETONGARBEID - TREARBEID
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79



FARGERIKE Halvorsen

Varhaug
Tlf. 51 43 61 00 / 906 38 531



"Vi over 60" på Varhaug Misjonshus

"Vi over 60" - har faste samlingar i matsalen på Varhaug Misjonshus, den første og tredje onsdagen kvar måned. Frå kl 14. og varer ca to timar. Der er det sang, andakt og kulturelle innslag. God mat og kaffi høyrer med + utlodning.

Den 17. juni vert semesteret avslutta med tur til Ognatun, m/middag, andakt og sang.

19. august startar me opp att, med tur til Skuleskipet Gand. Der og vert det middag m.m. På desse turane er det påmelding.

Er dette noko for deg som er over 60,- og har anledning, så er du hjerte-ig velkommen til å vera med. "Me he det gildt."

Treng nokon skyss til samlingane, eller andre opplysningar så ring til Lars Jan Nord Varhaug, mob.97767002.

Kan nemna at 2. september har Liv Kyllingstad Godin lovt å koma og fortelja frå tida i misjonen. Ho har arbeidt i Kongo i 40 år. Nå er ho heime i Oltedal på ferie, men har planar om å reisa ut att. Ho er over 90 år. Så det blir spennande og interessant å høyra ho.

Så vel møtt då til "Vi over60."

Astrid G. Varhaug
medlem av kjøkkenjengen.

Ryddegjengen – Varhaugs' egen ryddegjeng

Nylig hadde Ryddegjengen og Bedriftsforeninga i Varhaug, representert ved leder Jon Harald Håland og Rune Odland et møte for å snakke om "ståa"

Bedriftsforeninga ga et klart uttrykk for at bedriftene i Varhaug og kanskje spesielt Sentrumsbedriftene setter veldig stor pris på den jobben som Ryddegjengen gjør. Vi skriver for bedriftene, men antar at alle Varhaugbuer setter pris på orden og ryddighet. Oppfordringen går jo for øvrig til oss alle om å delta der behovet er – ta med en liten plastpose og en engangshanske i lommen når du går tur, det koster lite men gir mye!

Tilbake til ovennevnte møte så gikk vi igjennom "rammebetingelsene" til Ryddegjengen. Bedriftsforeninga's inntrykk er at dette er en gjeng som ikke krever "de store overskriftene", små og fornuftige oppfordringer kommer derfra, ingen krav om "sluttvederlag" eller "fallsjermer" der i gården.

Det nærmer seg tida for å plante ut amplene i Sentrum. Det pynter opp, men det krever stell. Ryddegjengen vil også i år stå for stell med vanning og gjødsel. Veldig bra.

Dersom noen sitter inne med ideer, eller oppgaver vi overser i vårt arbeid med å "synliggjøre" Varhaug, ikke vær redd for å ta kontakt.

Varhaug, mai 09
Rune Odland



Frå redaksjonen.

Først må eg takka alle som huska på meg på den store dagen min i april. Eg er framleis ikkje ferdig med feiringa, for det var så mange av mine nære vener som var på ferie. Og då Sigbjørn og fann ut at det måtte skrivast litt om "redaktøren" her i bladet, tenkte at denne dagen min kjem vist til å vara til ut på sommaren.

Eg møtte ein skulekamerat som ikkje hadde vore heilt frisk dei siste åra. Han lurde på om eg hadde kome i reparasjonsalderen nå som eg hadde vorte 70. Nei, heldigvis har eg alltid fått vore frisk, svara eg. Men ikkje lenge etter kom eg brått på sjukehuset. Eg ville nå helst reisa heim igjen same dagen, for eg sa til legen at eg hadde eit blad som skulle gjerast ferdig. Er det ikkje best at du vert frisk først, så får heller bladet koma i neste omgang, svara legen. Og dermed fekk eg meg 3 netter i ei sjukehusseng. Eg kan berre gje skryt til den behandlinga eg fekk på det "hotellet". Der passa dei på meg på beste måte med både mat, drykk og mykje, mykje anna.

Eg vil til sist ynskja alle ein fin dag på Varhaugmarken, og ein god sommar. Snakkast igjen i august!



Fart på Elgane

At eg skulle skriva litt om Elgane har vore på programmet i lang tid, men så har det alltid kome inn så mykje godt stoff at det har vorte blad utan noko ekstra frå mi side.

Men då Elgane var arrangør av NM runde i MOTORCROSSs helga 9. og 10. mai måtte eg berre dra dit.

Elgane er Norges største speedwayanlegg med en storbane på 286 meter og en liten "knattebane" på 143 meter. Speedwaybanen er godkjent av FIM for avvikling av internasjonale løp. Anlegget er hovedsakelig bygget på dugnad og er ca. 25 år gammelt. Knattebanen ble bygget om i 1998. Det skal i år arrangeres VM kval U21,

Liga runde og 2 runder i Norgescup speedway. Elgane vant NM lag 2008 og har som mål å forsvare NM gullet i 2009. Nytt i år blir at Elgane skal kjøre en lokal serie sammen med Riska MSK, der 3 runder kjøres på Riska og 3 på Elgane. Disse kjøres på tirsdagskvelder.

Sommeren 2006 ble motocrossbanen på Elgane åpnet. Den er en av de beste i Norge og har A-status. Banen er 1650 meter lang og bygget ved hjelp av tippemidler, midler fra Hå kommune og MASSE dugnadsarbeid. 2007 var det første året det ble arrangert større motocrossløp på Elgane, sånn som Vestlandsmesterskapet og Norgescupen. I 2008 ble det arran-



Katrine Rye-Holmboe etter sigeren i jenteklassen

gert Norgesmesterskap og Vestlandsmesterskap i motocross og Norgescup ATV. Vi skal i år igjen ha Norgesmesterskap motocross. og en runde i Vestlandsmesterskapet. Dessuten skal vi arrangere Norgesmesterskap ATV for første gang og det blir også en ny Norgescup ATV. Så 2009 blir et aktivt og travelt år for klubben!





Magne Klingsheim er vårt lokale håp, og blei nummer 3 i NM



Tom Erik Svanes frå Madla, brakk foten på eit stemne på Byberg tidlegare i år, og var veldig lei seg for at han ikkje fekk vera med å køyra. Han er 12 år, og har køyrt cross i 4 år.



Tonning Hansen, som saman med kona Ingrid dreiv IT butikken, var primus motor i organiseringa av dugnadsarbeidet ved bygging av banen. Eg tykkjer det er rett å kalla han for "far" til Elgane akkurat som eg kalla han for "far" til Varhaug marken i 2006.

Under NM runden fekk eg ein drøs med leiaren for Elgane Motorsykelklubb, Ommund Thu. Sjølv meinte han at det var ikkje rett å fokusera berre på han, for det var så mange som gjorde mykje dugnadsarbeid. Men Ommund er ei eldsjel av dei sjeldne, og han har vore ei drivkraft heilt frå starten. Han kom med i styret i 1977, då Roy Otto var leiar og har med unntak av 2-3 år vore med sidan. Han har og 9 års fartstid i Forbundet som medlem av speedway komiteen.

Eg spør kva det er som får ein mann til å gje så mykje av fritida si til eit lag. Som 15 åring drog han med moped, saman med ein kompis, til Loen på Nærbø og Forus for å sjå speedway. Og så var det berre gjort. Han vart heilt hekta, og har vore det sidan. Han har aldri køyrt sjølv, men er berre genuint interessert i sporten. Minst 3 dagar i veka køyrer han dei 26 km frå Thu til Elgane for å vera med på eitkvart. Ommund fortel at berre til dette stemnet er det brukt 2425 dugnadstimar. I tillegg kjem alt førebuingarbeidet, som nok er like mykje. "Men, seier han, eg har mange dyktige med meg så det går helst godt."

Stevner og løp 2009

- 6. juni Vestlandsmesterskapet motocross 3. runde
- 7. juni Vestlandsmesterskapet motocross 3. runde
- 20. juni Liga/Norgescup Runde 1 speedway
- 22. august Norgesmesterskap ATV 2. runde
- 23. august Norgescup ATV 2. runde Klubbmesterskap speedway, motocross og ATV, lokal serie speedway, se Elganes nettside.

www.elganemk.no

Aldersgrenser

Aldersgrensen 5 år gjelder fra fylte 5 år, øvrige aldersgrensene gjelder fra det året du fyller.

5 år (du må ha fylt 5 år)

Motocross: Inntil 60 ccm laveffekt (over 60 ccm, se egen liste over godkjente barnesykler)
Speedway: Inntil 60 ccm laveffekt

10 år

Motocross: Inntil 85 ccm
Speedway: Inntil 85 ccm

12 år

Enduro Spesial: Inntil 85 ccm

14 år

Motocross: Inntil 125 ccm
Speedway: Inntil 125 ccm
Enduro Spesial: 125 ccm

16 år

Enduro Etappe: 125 ccm
Enduro Spesial: Fri ccm
Motocross: Fri ccm
Speedway: Fri ccm

18 år

Enduro Etappe: Over 125 ccm

Sjakk på Varhaug



På KM for sjakk for skulelag 22. Mars stilte Hå skulesjakk med 2 lag frå Vigrestad, det eine ble nr 3, og det andre vart nr 20 av 22 lag for barneskuler. Det er 4 spelarar på kvart lag, på det andre laget vi hadde med vart det berre 3 som kunne vere med. Men han som spelte på førstebord i lag 1, vann bestemannspremien for første bords spelarar, og det var Martin Nilsen.

På Vigrestad spiller me sjakk på torsdagar kl 1730-1845 i underetasjen i det gamle biblioteket ved jernbanen. Klubben vil flytte opp til dei nye lo-

kalane som vart tatt i bruk 20. Mars som ***"Vigrestad ungdoms- og nærmiljøsentert"***

25. april inviterte skulesjakklaget til Hå meisterskap for sjakk spelarar som går på skule i Hå, barneskule eller ungdomsskule. Turneringa var gratis, og det vart sponsa to vandrepokalar som vert plassert på skulen til den som vinn,- og når elev(ar) frå same skulen har vunne 3 gong, vert den ståande fast på den skulen. To klassar skulle det vere, dei som hadde spelt sjakk ei god stund og dei som var nye. Me hadde håpa på om lag 20 spe-

larar frå Nærbø, Varhaug, Vigrestad og Ognå/Brusand/Sirevåg, men det er ikkje greitt å ha ei sånn turnering så seint på året,- for no var det mange som skulle på fotball eller handball. Neste år skal me leggje det til mars! Den beste sjakkspelaren i klubben, Martin Nilsen, var opptatt på landslagssamling for lovande sjakkspelarar, elles vill han nok vært med i denne turneringa og gitt Magne skikkeleg kamp om meistertittelen.

Nedanfor er det to bilete, det eine syner 8 av spelarane i det nye ungdoms og nærmiljøsentret under spe-

let. Det andre biletet syner vinnarane med unntak av Guri som måtte gå før premieutdelinga.

Det vart eit vellukka arrangement. Me hadde pause med pizza og brus og kaffi og vart ferdig klokka to. Alle fekk premie, men pokalar var det til dei tre første i kvar klasse. Det var ein journalist frå Jærbladet som tok bilder og intervjuar nokre av spelarane, og innslaget kom i Jærbladet veka etter turneringa.

Ny turnering: no er Hå skulesjakk bedden om å stå for ei BGP turnering til hausten. Det er ei serie med turneringar for barn og ungdom ("Barnas grand prix"). Her må ein vera medlem i ein registrert klubb for å delta, og resultata telles saman for eit år. Frå Hå skulesjakk var det 4 som fekk diplom

eller pokal for 2008. Den BGP turneringa me vil ha, vert laurdag 19. September på Varhaug Misjonshus. Me vil laga til kafeteria, og regner med at det kan verta om lag 80 deltakarar.

Sjakk for vaksne: Når frivillighets-sentralen flytter inn i M44 igjen i nye lokalar, vil det verta ny anledning til å få i gang Jæren sjakkklubb. Men for interesserte er det høve til å koma til Vigrestad torsdagar mellom 1900 og 2100. Her er det ei gruppe som spelar i same lokala som skulesjakklaget, rett etter at ungane er ferdig.

Med sjakk helsing frå Per-Arvid



F.v.: Josef Auklend, Sven Lassen, Eilin Auklend, Magne Stangeland Hårr og Erlend Haaland

Resultat:

Klasse for nybegynnarar:

1. Eilin Auklend
2. Josef Auklend
3. Sven Lassen

Klasse for dei med erfaring:

1. Magne Stangeland Hårr
2. Erlend Haaland
3. Guri Høidahl

Plastinnsamling med Svala 4H



Klubben samlar inn landbruksplast 4 gonger i året. Vi har alt hatt 2 innsamlingar i år. Neste innsamling er 10. oktober og 12. desember. Vi hjelper dykk med å bli kvitt plasten, samtidig som dette gir litt pengar på konto for klubben. Dette er kjærkomne midlar som blir nytta til å kjøpe litt utstyr som kan nyttas i klubbarbeidet. Dersom du vil bli kvitt plast før neste innsamling, håpar vi at det blir levert til Veidekke på Vigrestad. Før det opp på Svala 4H, med det støtter du barne- og ungdomsarbeid i bygda.



4H møte på Holmavatn

Sundag den 10. mai hadde Svala 4H møte på Holmavatn. Både medlemmer, venner og familie var inviterte. Frammøtet var godt, sett ut frå veret og det faktumet at det og var konfirmasjonshelg. Sjølv om det regna i starten, fekk me og lange periodar med sol.

Me hadde med kanoane våre, i tillegg til at me leigde trøbåtar på Holmavatn. Dette var veldig populært både blant store og små, og dei vart godt brukte. Nett derfor var det bra me akkurat hadde kjøpt nye fly-

tevestar.

Nokre få prøvde òg fiskelykka, men resultatet blei ikkje stort. Fangsten bestod av 1 fisk på ca 2-3 cm, men blei likevel steikt på grillen. Bortsett frå dette hadde me mykje anna god mat på grillen. Blant anna pannekakeskiver (som no har blitt ein tradisjon), og grillspyd med marinert svinestek og grønnsaker. Svinestek som ikkje blei brukt til grillspyd blei wokka på panna. Kjempe godt! I år som i fjor, blei dette eit vellykka møte, og det såg ut som alle kosa seg veldig.



Nybygg, påbygg og
rehabilitering

4360 Varhaug • tlf. 975 21 200 • 51 43 07 34

Magnar Hellenen



A: Varhaug - Opstavn. 623 - N: www.hauck.no
T: +47 51 43 05 66 - F: +47 51 43 13 55



RÅDHUSGT. 3, VARHAUG • TLF. 51 43 10 18



4H møte 20.04.09 med besøk av Røde Kors

Tysdag 20. april hadde Svala 4H invitert Nærbø Røde Kors til møtet. Vi hadde lyst å få lære enkel førstehjelp. 1 leiar og 3 medlemmer frå Røde Kors Ungdom møtte opp. Dei fortalde litt om kva Røde Kors står for, og kva dei gjer i lokallaget. Ungdommane viste oss korleis vi kunne stoppe ein blødning, legge ein person i stabilt sideleie og å lage frie luftveier. Medlemmane blei delt inn i 3 grupper for å prøva og utføra den same førstehjelpa som Røde Kors medlemmane hadde forklart og vist. Alle fekk utføra førstehjelp på ein annan person. Både store og små medlemmer tykte det var interessant og lærerikt. Til slutt hadde Røde Kors medlemmane oppsummering av opplæringa. Medlemmane svarte ivrig på spørsmåla, og viste at dei hadde lært mykje om enkel førstehjelp. Viktig informasjon for både store og små.



Manhattan på Nærbø



- Cabin crew prepare for landing. Den bestemte stemmen frå kapteinen etterlet ingen tvil. Eg var snart heime. Flyet frå Lufthansa kom inn frå Nordsjøen og gjorde ein venstresving over Bjåvatnet på Brusand. Så gleid det elegant over Vigrestad. Kyrkja på Odland overtydde meg om kor eg var der ho synte seg i si kvite prakt langt under flykroppen. Ingen kan skulde meg for å ha særleg retningssans. Det er den einaste gongen eg har sett heimbygda så tydeleg frå eit flysete. Eg såg til og med min eigen ringe bustad. Eg var så oppslukt over synet av alt det vakre at den tyske flyvertinna måtte riste energisk i meg for å få meg til å rette stolryggen, feste beltet og fjerne ymse rekvisita på bordet framføre meg.

Det høgaste bygget i Rogaland, Forum Jæren, er under fullføring. Frå dryge 60 meter over bakkenivå kan timebuane og tilreisande få eit unikt utsyn over store deler av Jæren. Ein svært begeistra reporter frå NRK lokalen slo på direkten fast at han kunne sjå heilt sør til Varhaug. Det må ha vore eit svært syn. Bryne sin nye skyline kjem heilt sikkert til å bli ein publikumsmagnet. Mange vil ta heisen til topps for å sjå Varhaug i fugleperspektiv.

Ordførar Mjåtveit har også tenkt høgt og luftig. Terje vil svært gjernè opp i dei tynnare luftlaga i form av eit høghus på meieritomta på

Nærbø. Me som kjenner litt til den ærgjerrige energibunten frå Rimestad er ikkje i tvil om at han meiner alvor. Sjølv om han hevdar å vere på tankestadiet, er eg sikker på at han og rådmann Kolnes har slutta med å teikne krusedullar på kommunale brevpapir. Dei teiknar i staden inn skyskraparar på Nærbø med stor iver og krampaktige grep rundt blyantane. Terje og Bjørn (Risa) har nok alt vore i uformelle samtalar der dei har leika seg med legoklossar, kråkekort og dominobrikker for å sjå kor høgt dei kan stable før det heile ramlar saman. Eg tippar at alt på dette stadiet er Forum Jæren som ei dansk pølsebu i høve til dei monumentale planane til våre vener og naboar på Nærbø.

Det har ikkje vore vanskeleg å sjå at Nærbø har vakse kraftig dei siste åra. Skal det byggjast meir der nord, og det skal det vel, er det naudsynt å byggje høgt i staden for vidt. Meiningane om kor vidt høghus høver på Jæren er sjølvstøtt mange og delte. Men me jordnære som er opptekne av jordvern har i alle fall det til felles at me er glade i mange etasjar.

Kafeen i øvste etasjen på nybygget kjem truleg til å få eit namn som minner om at tomte tidlegare husa eit meieri. Eg føreslår Jarlsberg Sky Bar eller The Norvegia Lounge. Søre delen av øvste etasje på The Mjåtveit Empire Building bør setjast



av til grupperom for Nærbølista, saman med kontor til ordføraren. Då vil dei folkevalde frå eit fugleperspektiv bli påminna om at Hå kommune sine grenser går eit stykke lenger sør enn ved Kviamarka, Rangen og Åna.

Det kan syne seg å vere ein smart strategi. For me som framleis har føtene planta på jærsk jord, har ikkje gløymt at det berre er to år til neste kommuneval.

Sjur

Coop Varhaug

Markenstilbud

Kaféen

Pølse + pomfri 30

Pomfri 15

Brus 15

Ta heim tilbud

Formkaker ass. 29⁹⁰

Fredag:

Kjøttkaker

m/ertestuing 75

Lørdag:

Salg av laks ute

Byggmix

Bord + 2 stoler 847,- 299

Trillekoffert 1229,- 499

Målebeger sett 3 stk. 29

Stålbestikk 24 deler 149

Dewalt kapp/

gjær sag 707 1590

Vaffeljern

belgiske vafler 599,- 199

Gode tilbud på enkelte leker

coop
byggmix

coop
Varhaug ba

**STORT
RESTETORG**
(byggmix)

Vi tar forbehold om utsolgt og trykkfeil

Kjekt i korpset

I mars hadde me vårkonsert på misjonshuset, Sonja-Beate Egge,

Silje E. Varhaug, Robert Ueland hadde solist innslag, korpset spilte selvfølgelig. Det er bare å ta av seg hatten for kor flinke spillere me har her på Varhaug.

17.mai er som ein grand finale for korpset, der me viser alle dykk i bygda kva me kan. Det er utrolig mykje arbeid som ligger bak i kulissene for å få alt til å bli som ein vil. Ekstra gøy når me får så mykje positiv tilbake melding i form av trampe klapp. Det slo godt an å spela "fairytale", kun få timer etter seieren i Eurovision Song Contest 2009.

På Varhaug marken er me tilbake med lynlodd i bøttene og stand der me selger regn cape. Håper at det er mange som besøker oss, uten støtten fra bygda hadde me ikkje klart å få hjula til å gå rundt. (I den forbindelse vil vårt årlige griselotteri bli utsett til hausten)

19 juni reiser korpsingen på sommertur. Turen blir til Tyskland, der me blant annet skal besøke Heide Park, som er ein stor fornøyse park. Korpset skal spele i sjømanns kyrkja i Hamburg. Dette er noko me gleder oss enormt til.



17. mai på Varhaug

Da vil eg avslutte med å ønske alle ein god somar. Så gler me oss til hausten og eit nytt og spanande år. Ikkje minst til dei nye korpsingane som byrjar da.

Lill-Marete Egge Lye



Fra vårkonserten



Liv og Monica på dugnad i det nye Bohusbygget på Håland

SPAR

Kvalitetskrokket
markenstilbud.....kun kr. **299⁰⁰**

Uembalerte brød
frå AJ og Sandnes bakeri, pr stk..... kr. **14⁹⁰**

Jordbær
Belgiske pr. korgkr. **19⁹⁰**

Potetkake
frå Roxman pr.pk.....kr. **16⁹⁰**

VELKOMMEN TIL SPAR VARHAUG



Fellesmøte i Varhaug kyrkje

Dei to siste vekene i september, 16.9.09 – 27.9.09, skal alle organisasjonane på Varhaug og Vigrestad misjonshus saman med Varhaug sokneråd arrangere fellesmøter i kyrkja. Me skal



ha med oss Tor Ingvald Lauvrak og Svein Nordvik som talarar. Lauvrak arbeider i Indremisjonsforbundet, og Nordvik har i mange år arbeidd i Evangeliesenter. No driv Nordvik ein eigen stiftelse; Evangeliet ut til folket. Laurdag 26.09 skal vi ha konsert med eit av Noregs mest kjente gospelkor; Stavanger Gospelkompani. Alle ungar i alderen 10-13 år vil og få muligheten til å øva med og ha konsert ilag med jentegruppa Seven, fredag 18.september.

Det vil og verta oppretta eit prosjektkor for alle sangglade i alderen 14 år og oppover. Dette koret vil øva 2-3

kvelder ilag, og opptre 2-4 kveldar i løpet av desse to vekene. Dersom det er nokon som er interesserte i å vera med å syngja i dette koret, er det berre å ta kontakt med Njål Omland. Alle etablerte kor og lovsangsgrupper i bygdene våre er invitert, og i tillegg håper vi alle de som ikkje går i kor til vanleg vil "hiva dokke på".

Etter møtene vert det kaffi i kyrkjestova, og bønn inne i kyrkja.

Me håper dette vert to spanande veker.

*På vegne av "Fellesmøte komiteen",
Kristin Skrettingland-Haarr*

TILBUD FRA ONS. 3/6 TIL LØR. 6/6

Ferdigsteikt steik

**Varme grillbein og
pannekaker kvar fredag**

Komla laga av poteter

Lever i fløtesaus

Kjøttkaker i saus

"Gyros" marinert svin

Ferdigmat:

- Koldtbord/smørbrød
- Gryterett m/salat

**Pinnekjøtt
pr kg**

139,-

**Svin flatbiff
marinert pr kg**

99,-

**Stort sortiment
i pølser**

10%

**Hos R. Skretting får du
det du ønsker av
norske kjøttvarer fra A til Å**

**God personlig service
får du med på kjøpet**


**Vårt faglærte personell
med kokk, butikkslakter
og pølsemaker/-
mester lager selv alt
etter egne oppskrifter**

**Kun egen-
produserte
norske
kjøttvarer**

R. SKRETTING A/S

**KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE
SELSKAPSMAT**

4360 Varhaug Tlf. 51 43 02 16



**Griller til ut-
lån gratis!**

**Vi tar oss også
av grillingen!**

Ku- og kalvemønstring på Jærmessa 29. og 30. august

Me vil og i år arrangere ku- og kalvemønstring på Jærmessa, og håpar å sjå mange innom messefjoset i år og! Det vert ikkje dei store endringane i program: På laurdagen skal me monstra kyr av fleire ulike rasar, både "vanlege" NRF kyr og Holstein, Jersey og dei litt meir "uvanlege" gamle rasane kjem. Denne dagen er eit godt høve til å sjå nærare på dyra som produserer mjølka me drikk. Det er premiar til dei finaste dyra, og me skal kåra den finaste av dei alle; nemlig Miss Jæren 2009. I fjor var det Kristian Skrettingland frå Varhaug som stakk av med denne gjeve tittelen.

På søndagen er det kalvane sin tur. Dei er eit flott syn; strigla og pynta, og godt opplærte til å gå fint. Viss det er nokon av dykk som har lyst til å ha ein kalv å leie i ringen denne dagen, men ikkje har nokon, så kan de ta kontakt med Sigmund Rangen på telefon: 40 22 41 53, så får de låna ein av hans kalvar. Det er lurt å ikkje venta for lenge med det, for de må ha litt tid



Kristian Skrettingland med Miss Jæren 2008.

i sommar til å trenar opp kalven. Det er premie til alle som stillar med kalv. Søndagen skal og dei som har gjort dette før, visa kva dei kan med litt større dyr. Heilt til slutt har me med ei ku som vert mjølka.

Møt opp, og bli litt betre kjende med dei flotte kyene og kalvane våre!

Årsmøte i Varhaugbuen

30. mars var det årsmøte med godt frammøte frå alle eigarlaga. Det er eit stabilt styre, så det vart ikkje den store endringa. Kristin Søyland frå bygdekvinnelaget tek over sekretærjobben til Ingunn Helen Reiestad frå bondelaget.

Velkommen til grill på Lerbrekk Skule

Det går fort mot sumar og tid for grillkveld. Du har kanskje høyrdd kva ho sa, om tida sin raske gang,- dama som var godt oppi åra: "To runda rundt julatreet, så æ dæ jønsokk." Ja,- ja. I alle fall har me i vennelaget på Lerbrek, lyst å minna om alt nå, at grillkvelden er **TORS DAG 6. AUGUST kl. 19.00.**

Me ser gjerne at du og kjem. Kan vera lurt å ta med stol.

Hjarteleg velkommen!

Helsing Sigbjørn V.



Frå kalvautstillinga i 2008 Foto: Målfrid Aksdal



Årsmøte:

Vennelaget Lerbrekk skulehus

Årsmøtet vart halde 26. mars med godt frammøte. Årsmeldinga synte at også 2008 hadde vore eit aktivt år. Ca 2400 menneske var innom skulen i eit eller anna ærend. Fleire kunstnarar har hatt utstilling. Det har vore open kafè 13 gonger og til og med ein søndag med slovakisk middag. Det har og vore grillkveld, graudafest og julefest. Huset er og nytta til fødselsdagar, konfirmasjon, klassefest, slektsstemne og barnedåp, og mange lag og foreningar har og hatt sine møter her.

Rekneskapet viste og at laget har god økonomi. Så var det val. Sigbjørn Varhaug, Eirik J. Varhaug og Aud Bratland Bø var på val. Sigbjørn ynskte å fortsetja, og det fekk han. Eirik og Aud ynskte avløysing og i staden vart Brit Obrestad og Oddvar Ånestad valde. Revisorane Øystein Bratland og Ingvar Reiestad vart attvalde. Valnemnda Gabriel Bø og Johannes Husvegg vart og attvalde, men nå fekk dei og med seg Berit Bratland.

Års kontingenten vart den same som før kr. 50. Alle som var på møtet nytta høvet til å betala for 2009.

Utleige av huset har til denne tid vore veldig billig, men me ser at steintøy og slikt må fornyast, og leiga vert difor sett litt opp.

Det er planar om ein trillegang for rullestol/rullator frå parkeringsplassen og bort til huset, og arbeidet med dette skal no setjast i gang.

Etter matpause og loddsal, fekk Sjur Håland ordet. Han sa det var ei æra å få halda årsmøtetalen på det fremste av alle universiteta på Varhaug: "Universitetet på Lerbrekk". Med så mange tidlegare elevar til stades, alle med heidersnemninga "Æresdoktor", kan denne oppgåva synest vanskeleg. Av og til tenkjer eg at nå må vel alt som kan seiast vera sagt. Nå kan det umogeleg vera plass til fleire vendingar, kommentarar, setningar og gode formuleringar. Overskrifta på kåseriet er SPOR. Som de som har gått her på Lerbrekk veit, så er me menneske ikkje eit produkt av oss sjølv. Me er eit produkt av vår skapar, vår arv og våre gene. Me er eit produkt av dei som har prega oss. Han trudde og at dei fleste av oss hadde gode minne frå skuletida, og at det var grunnen til at nokon har brukt eit utal av timar til å setja i stand det gamle bygget. Så nå ligg skulehuset her, kvitmåla, velhalde og imponerende strigla, rett ved travle riksveg 44. Her er og teke vare på historia om skulen i Hå og byggeskikk og arkitektur. Innføre veggene er der minne om mange av dei som har gått på skulen sidan 1865. Sjur les og Jevnare veg av Alf Prøysen, før han slutta av med eit dikt:



Vår på Jæren

Når ting går på tverke, det butter i mot

Når mismot og tungsinn gir usikker fot
Då lukker eg augo og tenkjer som dåren
Og drøymer om lukta av molda om våren

Dagar med skodde og dagar med regn
Snøkløkker, kvistknoppar einaste tegn
Tegn på at snart kan vi nyte komforten
Av lukta av molda, av jorda, av våren

For tenk på ei kvinne, på eau de cologne
På lukta av sommar på Syden balkong
Tenk på Demi More eller på Sophia Lorèn
Der er ingen som lukter som molda om våren

Lyseblå himmel med vinddrag frå sør
Kjenne sola som skiner og varmar og tør
Varmen kjem frå Mexico Golfen, er med havet båren
Det er den som gir lukta av molda om våren

Å arbeide med jorda ein vårdag i april
Gir lækjedom og sjelebot langt meir enn disperil
Å setja seg ned med mat og kaffitåren
Å kjenna godlukta av molda av Jæren om våren

Sjur vert me aldri lei av å høyra på, og det alltid gildt med besøk av han i den gamle stova. Han fekk blomar og stor applaus. Brit Obrestad var og denne kvelden på plass ved orgelet, og ho fekk og blomar. Eirik J. var ikkje til stades, men Sigbjørn skulle gje han blomar og takka for det gode samarbeidet. Aud fekk og blomar og takk for 14 år i Vennelaget sitt styre. Me song til slutt Den første song.

ABB



VVS EKSPERTEN
DET ER RØRLEGGEREN DET KOMMER AN PÅ



RØRLEGGER TEAM AS

Opstadvegen 621, Varhaug • Tlf. 51 79 83 10

Mandag - fredag åpent fra kl. 7.00 - 16.00
Lørdag åpent fra kl. 9.00 - 13.00

Varhaugmarken 2009

Fredag 5. juni

17.00	Marken er igang Oppvisning v/Formtoppen treningsenter
17.30	Barneløp v/VIL
18.00	Innslag v/Varhaug Skule
18.15	Turndansoppvisning
18.45	Innslag frå Misjonshuset
19.30	TØNES SPILLER FRA SCENEN
21.00	Marken stenger for kvelden
21.00	Voksenteltet åpner

Lørdag 6. juni

09.00	Marken er igang
09.00	Jærbelgen spiller fra scenen
10.00	Korpset
11.00	Gammeldansoppvisning
11.30	Hittegoodsauksjon v/lensmannen
11.30	Manekengoppvisning v/Lars Gaute Sport
12.30	Varhaugmila
13.30	Oppvisning v/Formtoppen treningsenter
15.00	Marken er slutt for iår

- Det vil bli salg av grillmat ute. Hoppeslott for barn. Ponniriding(fredag).
- Søstrene fra stuathodelen er med under marken.

Nytt frå Misjonshuset

No er det snart sommar igjen og det går mot ein roleg periode for Misjonshuset.

Det vil vera vakt på kontoret måndag og torsdag frå kl 2000 til 2100 fram til 15. August. Telefon er 51430808.

Dersom nokon ynskjer bestilla rom på Misjonshuset for konfirmasjon i 2010, er det nå for seint,- trekning er gjort. For 2011 er det frist satt til 1. mai 2010.

Vi gjer merksam på at styret no vil ha betalt eit depositum på kr. 1000 når ein reserverer for bryllaup, selskap eller konfirmasjon, og det beløpet vert trekt ifrå når endeleg rekning vert laga.

For å sjå møteprogram og få informasjon om det som føregår på Misjonshuset, vil eg visa til internettsida til Misjonshuset: www.varhaug-misjonhus.no

Til hausten er det val. Stortingsval fastsett til måndag 14. september på Misjonshuset. Sidan det er bestemt at også val på nytt sokneråd skal bli gjort på same dagen, vil soknerådsval og bispedømerådsval vert gjort i møtesalen, medan stortingsvalet vert i matsalen. Ha eit godt val!

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid

Svolten?

*Me har det mesta
som får deg
god og mett!*



BØEN STORKIOSK

S P I L L O G K I O S K V A R E R

TIPPING
WWW.NORSK-TIPPING.NO

V75
TOTO

Telefon 51 43 00 99 • Fax 51 43 69 55 • Åpningstider: Mandag - fredag 10.00 - 22.30 • Lørdag 09.00 - 22.30 • Søndag 10.00 - 22.30

Redaksjonen 70 år



Foto: Sigbjørn Varhaug

Du har vel lagt merke til det du og, - når du les "Varhaugbuen," så er det ei spalte" frå Redaksjonen." Og det forunderlege er det at denne spreke og" livaktige" redaksjonen heiter

Liv Hobberstad, - som markerte at ho vart 70 år måndag 6. april 2009. Men det er bare eit tal,- seier jubilaranten.

Nei, de skulle sett kor koseleg Liv hadde pynta den "nøra" skulestova på Lerbrekk, i påskegult, då ho bad inn til åpe hus, den store dagen i april.

Rundt 60 stk. av familie, slekt og venner, møtte for å gratulera. Dette syner bare kor mange kontakter Liv har knytta gjennom dei mange åra, både frå ungdomstida og gjennom dei

mange lag og organisasjonar ho har engasjert seg i. Og så er det slik med Liv at" Når hu ukjende folk fær sjå, - så spør hu berre kor dei er ifrå"—og dermed er kontakten på.

På denne måten har ho knytta mange gode kjenskap i utlandet og .Men kanskje er kontaktpunktet til eit fransk lærarpar, som hadde ferietur i Norge,



Før du pakker kofferten er det et par ting du bør huske på

Kom innom oss før du pakker kofferten, så kan vi hjelpe deg med både kort og forsikring til ferien!

Trygg ferie med

TIME SPAREBANK
- for Jæren

avd. Varhaug, tlf: 51 79 83 00
Rådhusgata 3, 4360 Varhaug
www.time-sparebank.no

blandt dei meir spesielle. Franskfolka hadde parkert på steintippen, ved riksv. 44, på Hobberstad, for å nyta eit måltid mat i jærsk natur.

Og då dei hadde pakka saman og skulle koma seg derifrå, rygga dei likegodt utfor kanten, og plutseleg låg bilen med hjula i veret. Men Liv og Hans var på" pletten,"og hjelpste dei på beste vis. Dette førte seinare til at dei vart invitert til Frankrike,- både ei og fleire gonger. Då me kom der fyrste gong så vart det sagt om oss:"Der er dei nordmenn som redda livet vårt,"fortel Liv.

Det var i Hetlandsgata på Bryne, Liv vaks opp .Og når ho tenkjer tilbake på den tida, så står alltid sangen "Lykkliga gatan"for henne som "sin" sang. Ho fortel at dei hadde det fantastisk som fekk leka både i og rundt Hetlandsfabrikken. Endå til på taket av spønehuset var me. Er ikkje sikker på om alt var så lovlig alltid. Og så hadde eg så korte veg til skulen at eg var heime og åt middag.

Korleis vart du kjent med Hans då?

Jau, det skal eg seia. Han var ofte på besøk hjå ein onkel min, - for dei to hadde då vore i lag på sjøen. Og hjå den same onkelen var eg og mykje. Så det ordna seg på ein enkel måte.

Og i 1962 vart det bryllaup. Året etter reiste dei på sjøen i lag.

Etter kvart har det vorte 4 døtre og 7 barnebarn.

I januar 2007 fekk Liv oppleva den tunge og uventa støyten, at Hans plutsleg døydde.

Då hadde dei vore gifte i 45 år. Også i slike tider kjem det vel med å ha eit godt nettverk rundt seg.

Varhaugbygda har mykje å takka Liv for. - Det er så fint når folk som har vakse opp ein annan stad, kjem her ,og finn gleda og meining i å bruka tid og krefter på engasjemang, til beste for bygda. Her har Liv vore noko sær. Dersom me legg i hop alle åra med frivilligheta til Liv, - så vert det helst fleire år enn ho har levd. Høyr nå bare her: Bonde og bygdekvinne lag, skulemusikken, idrettslaget, hatteklubben, frivillighetsentralen- for å nemna nokre,- og ikkje minst Redaksjonen for "Varhaugbuen." Der gjer ho ein stor innsats for tida.

"Eg vil så gjerne laga eit blad som folk skal lika, både å sjå til og lesa i ,"seier Liv.

Me i styret for "Varhaugbuen," vil takka deg Liv for trufast innsats og stor dyktighet i dette arbeidet.

Gratulera med minepælen, me ynskjer deg mange gode dagar og år,- framover.

*For styret
Sigbjørn Varhaug*



Rogaland bygdekvinne lag 80 år

Årsmøtet 2009 vart halde på Jærmusèet 27. og 28. mars, med ca 100 utsendingar. Varhaug har både Eva og Aud med i styret der, og dei fekk ein del å gjera med den fantastiske utstillinga som syn- te laget gjennom 80 år.

"Aktive kvinner for levande bygder" er motto til bygdekvinne laga både lokalt og sentralt.

Festmiddagen vart halde på Jæren Hotel med god mat og god underhaldning.

RBK's årsmøte for 2010

Dette har Varhaug og N ærbø bygdekvinne lag teke på seg ansvaret for. Me har allereie hatt det første møtet saman, og er kome godt i gang med programmet. Med kjem tilbake til meir om dette i seinare blad.



SLÅING • RAKING • PRESSING

ÅNESTAD
MASKINSTASJON

Jarle 97 67 03 63 • Erlend 90 08 14 10

VARHAUG hud- og foterapi
v/ Heidi Dubland Bø

Føttene trenger også fagfolk !

Mandag og torsdag 15 -19
Tirsdag og fredag 9 - 15



Tlf. 51 43 13 69 / 412 76 679 Varhaug (2. etg. SR-bank)



Besøk vår stand på stasjonsområdet

Cola marked

Vinn Cola-sykkel

Kor mange korker
i sylinder?



NYHET!!

0,5l Urge boks
kr. 19,- +pant

2 x 1,5l Cola/Zero
kr. 19,90 +pant

TIGER MENY

pomm. m/pølse + Kuli
kr. 25,-

GULL VASK

kr. 100,-
(gjelder under marken)

DVD/CD
marked
nye og brukte

Bøtte
med det rare i
kr. 25,- til 100,-

Demonstrasjon
av Turtle ice bilpleie
NYHET



Kle deg ut som TIGER,
registrer deg på vår stand...
overraskelse!!!

www.varhaug-servicenter.no

BESTILL BONING/INNSENDIG VASK